

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tysdag 9.jun 2026 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Jørgen

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Runar isdahl, Gjertrud Husøy og Åslaug Nag
Forfall: Knut Johannes Gram og Dag Kjetil Lægreid

SAKLISTE

2026/26 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2026/27 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2026/28 - 023 Plan for soknet 2026-2027

Drøfting av satsingar for neste skuleår med utgangspunkt i ressursar og utfordringar i soknet.

Moment frå samtalen:

- *Ung Kyrkje i Sunnhordland (18-30 prosjektet)*
Semesterstart på HVL. Prosjektgruppe med prosjektleiar Idun Fjeld
Felles satsing mellom Stord, Nysæter, Fitjar og Bremnes.
- *Kyrkjeleg undervisning og læring:*
 - o *Oppstart av Her og Der arbeidet*
 - o *Vurdere oppstart av samlingar for barn i alderen 8-12 år*
 - o *Fortsetje med ungdomsutvalet, sende ungdommar på Vegkryss mm.*
- *Kyrkjelivsutval:*
 - o *Kyrkjelydsleir*
 - o *«Søndagskveld i Fredheim» (Dag Kjetil) – her er ein nyoppstarta komite i gang med å planlegge 3 samlingar for hausten, første samling 13.sept.*
- *Forslag om å opprette eit misjonsutval med fokus på indremisjon (tiltak for å nå nye i nærområdet) og ytre misjon (fokus på misjonsprosjektet)*
 - o *Aktuelle tiltak for indremisjon: Alfakurs og -grupper (nemnt at Leirvik bedehus startar opp eit opplegg hausten 26?), temakvelder i kyrkja mm.*
- *Rekruttering til kyrkjeval hausten 2027*
- *Konkret innspel til brosjyra: Endre vinkling på samarbeidet med bedehuset under pkt 4 i brosjyra, ønskjer ei positiv vinkling på det samarbeidet vi har rundt m.a. møtehelg.*
- *Gudstenesteutval:*
 - o *Medarbeiderfest 27.august (ikkje begrensa til gudstenestene)*
 - o *Starte opp teneste for dåpsvertar til bruk på gudstenester med mange dåp*
- *Diakoni:*
 - o *Diakoniens dag, allehelgens dag / minnegudsteneste og Open kyrkje*
- *Dugnadsbasert maling av kyrkjebenker*

Vedtak:

Soknerådet ber AU ferdigstille brosjyre med satsingar for 2026-2027 basert på drøftingane i møtet, og gjer endeleg vedtak om satsingane i august-møtet.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2026/29 - 012 Møteplan hausten 2026

Forslag til møtedatoar for soknerådet hausten 2026:

AU:	Soknerådsmøter:
18.aug	tirs 25.aug kl 18-21 (Merk tida, utvida samling)
22.sept	ons 30.sept kl 19-21
20.okt	tors 29.okt kl 19-21
17.nov	tirs 24.nov kl 17-19

Andre viktige datoar:

27.aug	Medarbeiderfest
18-20.sept	Kyrkjelydsleir på Brandøy
22.okt	Prostidag på Tysnes

Vedtak: Møteplan vedtatt som framlagd.

2026/30 - 411 Maling av kyrkjebenkene

Soknerådet har tidlegare drøfta eit innspel om å male kyrkjebenkene på dugnad i påvente av innvendig vedlikehaldsarbeid i Stord kyrkje. Det er medlemmer i soknet som ønskjer å delta på ein slik dugnad, og sidan sist er det innhente nokre erfaringar frå Bømlo, Fitjar og innspel frå bispedømmekontoret. Soknerådet drøftar vegen vidare for denne saka.

Eit utval av tilbakemeldingar så langt:

- Bømlo og Fitjar melder at dei har gode erfaringar med dugnadsbasert vedlikehald, både ift resultatet og den sterkt kyrkjelydsbyggjande effekten sjølve arbeidet (og serveringa) har hatt.
- Arbeidet må forankrast med fellesråd og kyrkjeverje
- Riksantikvar kan gi innspel på kva tiltak som må gjerast ift at Stord kyrkje er listeført.

Momenter frå samtale:

Rådet er rimeleg samstemt om at det er behov for å male benkene, og ser ein positiv verdi i dugnadsarbeid for å skape eigarskap og involvering. Dersom ein ønskjer å erstatte kyrkjebenkene med stolar er det uansett fleire år til det kan skje, og difor nyttig å male uansett. Må ha med nokon som sikrar at arbeidet blir gjort skikkeleg (kvalitet).

Maling av benkene er ei mellombels løysing i påvente av omfattande innvendig vedlikehald, som enten kan medføre utskifting av benkene eller andre vedlikehaldsløysingar.

Ønskjer løysingar som er fornuftig mtp økonomi, sjå på kostnadene med det. Allereie i gong med lys framme. Kyrkjebenkene er ein del av det visuelle inntrykket. Positive erfaringar med noko liknande frå Bremnes kyrkje. Forslag om Sigrid som leiar i planleggingsgruppa.

Vedtak:

Sigrid får ansvar for oppfølging av saka, med følgjande vidare steg:

- Send formell førespurnad til fellesrådet v/kyrkjeverje om å male benkene på dugnad
- Innhent naudsynte innspel frå bispedømmekontor, riksantikvar eller liknande for å lage ein plan for korleis vi kan gjennomføre arbeidet (på dugnad)
- Etablere ei arbeidsgruppe som kan planlegge og gjennomføre dugnadar.
- Etablere eit kostnadsoverslag / budsjett for arbeidet (legge fram for soknerådet)

2026/31 - 411 Framtidig møblering av kyrkjerommet

Soknerådet drøftar spørsmål om framtidig møblering av kyrkjerommet med utgangspunkt i innspel om å arbeide for å ta ut kyrkjebenkene og erstatte med stolar. Det er ulike meiningar om dette og ein omfattande prosess dersom ein ønskjer gjennomføre ei slik endring. Rådet drøftar meiningar i saka og når/korleis ein ønskjer ta saka vidare.

Momenter frå samtalen.

Stord kyrkje er ei såkalla «listeført» kyrkje (ikkje verna), som medfører at ein må ha godkjenning frå biskop for endringar. Det er nok mogleg med gode argumenter, men er ein prosess som tek litt tid.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Det er naturleg å tenkje på møblering som del av planlegging av innvendig vedlikehald i kyrkja. Det vert no arbeid med ein søknad til kyrkjebevaringsfondet om å gjere eit forprosjekt som vil omfatte både utvendig og innvendig vedlikehald. Forventar difor at dette vert tema ila 2027. Faktisk gjennomføring er fleire år fram i tid, truleg minst 4 år til utvendig vedlikehald, deretter innvendig.

Nokre har sett korleis Bremnes kyrkje har løyst møblering med parkettgolv og stolar, som gir stor fleksibilitet i bruken av kyrkjerommet. Verdt å sjå nærare på.

Dersom ein fjerne benkene vil ein også måtte ha alternativ løysing for oppvarming som erstatning for benkevarmarar.

Soknerådet ser det naturleg at ein komite kan utgreie moglegheiter, gjerne leia av nokon som har eit engasjement for endring til stolar. Leif Steinar foreslått som komiteleiar.

Rådet drøfta om ein bør opprette komiteen no eller vente til forprosjektet kjem i gang.

Vedtak:

Soknerådet oppnemner ei arbeidsgruppe for å kartleggje moglegheiter og utfordringar knytt til å byte ut benkane med stolar, herunder inkludert tema som skisse til løysing (konkrete produkt og plassering), løysing på oppvarming (erstatning for setevarmarane), finansiering og søknadsprosess (biskop, riksantikvar mm). Leif Steinar Alfsvåg får i oppgåve å leie arbeidsgruppa og kan knyte til seg fleire personar i gruppa etter eige ønske. Gruppa bes leggje fram forslag til eit mandat for arbeidsgruppa på august-møtet.

2026/32 - 121 Økonomisk støtte til «Her og Der»

Hausten 2026 starter tiltaket «Her & Der» opp igjen. Dette er eit tilbod retta mot unge i 7-10 klasse. Samling 1. mandag i månaden. Det vert andakt, mat og ein aktivitet. Datoene for hausten er satt til 31.august, 28.september, 26.oktober og 30.november. Kåre Grimstad er valgt til leiar. «Her og der» har søkt sokneråda i Stord og Nysæter om økonomisk støtte til mat til samlingane. Dei søker om å få handle mat for inntil 3000kr, og føre på konto på Rema Vabakken eller Rema Sagvåg. (Inntil 1500kr fra kvart sokn)

Vedtak:

Stord sokneråd innvilgar kr 1500,- til mat på samlingane til «Her og Der».

Vedtaket er i tråd med gjeldande budsjett og dekkast av posten barne- og ungdomsarbeid.

2026/33 - 360 Kyrkjelydsleir hausten 2026

Kyrkjelivsutvalet er i gong med å planleggje leir til hausten som vert 18.-20.sept på Brandøy. Leiren vert felles med Nysæter som i fjor. Utvalet har utfordringar med å finne nokon som vil sitje i komiteen frå Stord sokn. Eit aktuelt innspel er å innføre at dei i komiteen slepp å betale for leiren. Rådet drøfter tiltak og kandidatar til komiteen. (På Brandøy er det 1 gratis plass per 20 deltakarar som vi ikkje betaler for).

Tidlegare år har det vore opna for at deltakarar kan søkje om økonomisk stønad til deltaking på leir dersom deltakarprisen gjer det vanskeleg å bli med. I fjor vart det praktisert at soknerådet (hhv Stord eller Nysæter) dekkar 50% av deltakeravgifta i slike tilfelle, men då prioriterte ein friplassane til å dekke denne kostnaden.

Moment frå samtalen:

Kirsti orienterte om at komiteen no består av to representantar frå Nysæter, Kirsti og Runar (prest). Trur det går fint utan fleire frå Stord sokn i komiteen.

I forhold til ordninga med behovsprøvd økonomisk stønad foreslår rådet at sokneprest vert kontaktperson for slike førespurnadar.

Vedtak:

Soknerådet vedtek å dekke deltakeravgift for dei som sit i komiteen frå Stord sokn, og oppmodar Nysæter sokn om å gjere det same for sine. Soknerådet vidarefører også ordninga med behovsprøvd økonomisk stønad på inntil 50% ved deltaking (søknadsbasert). Kostnadar knytt til kyrkjelydsleiren dekkast av budsjettposten barne- og ungdomsarbeid.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2026/34 - 012 Sommerfullmakt

Neste soknerådsmøte er etter sommaren og rådet brukar å gje ei utvida fullmakt til AU for å kunne handtere saker gjennom sommarferien som ikkje kan vente til rådet samlast igjen.

Vedtak:

Stord sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakta er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglement har høve til å delegere. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien

Orienterings-/drøftings saker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest Jørgen.
Faste aktivitetar i avslutningsfase mot sommaren.
Konfirmantsamling for årets konfirmantar.
Hatt møte med gravferdsbyrå (årleg). Gitt tilbakemelding om at mengden levande lys må reduserast av omsyn til alterlysa (og brannvern).
Hatt samling i kyrkja med brannvesenet, med tema brannvern. Plan om brannøving ifm ei gudsteneste i haust.
Komiteen for møtehelg (m/Leirvik bedehus) melder om positivt økonomisk resultat på ca 54 000kr i 2026. Er i tenkeboksen på om ein skal fortsetje opplegget til 2027. Soknerådet er positive til at ein fortset med denne samlinga.
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag
Økonomi. Rehabilitering av Stord kyrkje; utvendig og innvendig. Frode Hatlevik går inn som prosjektleiar for dette. Det er mogleg å få pengar frå kyrkjebevaringsfondet for å redusere investeringskostnaden for kommunen. Søknadsfrist 1.november, tildeling vår 27. Vil starte med eit forprosjekt for både ut- og innvendig vedlikehald.
Ny kyrkjeverge i gang frå 1. august.
- ~~3. Evaluering av soknemøte 28.april~~
4. Plan for behandling av høyring om rammeplanar for Kyrkjeleg Undervisning og Læring
 - a. Vert tema på første møte i haust (utvida tid pga denne saka). Høyringsfrist er 15.sept
 - b. Planar og høyringsdokument sendt ut med juni-innkallinga. Oppmodar alle om å lese dei ila sommeren.
5. Stordapride 20.juni
 - a. Var spørsmål om ein kontaktperson for organisering av fane mm.
 - b. Ingen melde seg til dette frå soknerådet, men nokre ville delteke om dei var heime.
6. Informasjon om fastgivarteneste på VIPPS
 - a. Det er no mogleg å bli fast givar til soknet direkte på VIPPS (same nummer).
 - b. Registrering i Solidus fungerer som det skal, og avklart mot kommunen ift økonomi.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat soknemøte, 28.april
2. Referat undervisningsutval, 21.mai
3. Økonomistatus pr 30.04.2026 (ikkje klar til møtet)

Anders Dahl
soknerådsleiar

Kirsti Frugård
referent